

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga  
 Sak nr.: 16/1767-1

## **Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane. Årsplan for 2016**

::: **Sett inn innstillingen under denne linja** ↓

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:  
 Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen vedtek årsplan for 2016.
2. Finansiering av arbeidet er for fylkeskommunen si side avklara gjennom budsjett 2016.

::: **Sett inn innstillingen over denne linja** ↑

... **Sett inn saksutredningen under denne linja** ↓

### Vedlegg:

Årsplan for 2016. Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Verdiskapingsplanen (<http://verdiskapingsplanen.no/>)

4-årig handlingsplan (<http://verdiskapingsplanen.no/>)

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

For regionale planar er det i planlova føresett politisk handsaming av ein årsplan.

#### Historikk - tidlegare vedtak

- Verdiskapingsplanen vart vedteken i fylkestinget 11. juni 2014 i sak 8/14.
- Den 4-årige handlingsplanen vart vedteken av fylkestinget 9. desember 2014 i sak 40/14. I saka vart det føresett at fylkesutvalet skal handsame årsplanar.
- Industristrategi vart vedteken av fylkestinget i sak 35/15 13. oktober 2015.
- Satsinga landbruk er ikkje innarbeida i verdiskapingsplanen enno. Denne er for tida på høyring med høringsfrist i 15. februar og med planlagt politisk handsaming i april 2016.

#### Sentrale problemstillingar

Det er to viktige funksjonar for ein årsplan:

- Partnerskapen kan avklare viktige endringar eller presiseringar.
- Partnerskapen klargjer korleis ein prioriterer for å nå målsettingane i planen.

#### Andre opplysningar

I årsplanen vert kvar satsing innleia med link til overordna dokument. Tinginga til dei som har levert delbidrag er at vi ikkje skal gjenta overordna føringar, men «gå rett på» ev endringar, presiseringar og gjere greie for korleis dei prioriterer for å nå målet for satsinga.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det er ingen budsjettkonsekvensar for fylkeskommunen ut over det som alt er avklara i budsjett 2016. Der det er avvik mellom partnarane sine budsjett og årsplanen, er det vedtekne budsjett for 2016 som gjeld.

### Plankonsekvensar

I gjennomføringsarbeidet er det både normalt og ønskjeleg at planlagt arbeid vert vidareutvikla.

Årsplanen inneheld difor presiseringar/endringar. Fylkesrådmannen vil spesielt peike på:

- Nyskaping:
  - Ingen endringar som krev avklaring
- Kunnskap (avsnitt 3.1):
  - Satsinga er organisert med eit operativt arbeidslag som alternativ til å etablere eit programstyre
  - Samarbeid med nasjonale aktørar vil bli vidareutvikla i 2016. Dette gjeld m.a. regjeringa sitt arbeid med utdanning og «mis-match» i høve arbeidslivet og samarbeid initiert gjennom Noregs Forskingsråd si regionale satsing
- Reiseliv (avsnitt 4.1):
  - Styringsgruppa for reiselivsplanen er no identisk med næringsforum
  - Ingen vesentlege endringar med omsyn til mål og arbeidsområde
- Olje og gass (avsnitt 5.1)
  - Ingen endringar som krev avklaring
- Sjømatnæringane (avsnitt 6.1):
  - Målformuleringar er presiserte

Satsingar som vert tekne inn i årsplanen seinare.

- Fornybar energi
  - Satsinga er ikkje sett i verk som føresett. Fylkeskommunen arbeider for å få energibransjen meir aktivt med og har dette som føresetnad for å organisere ei satsing
- Landbruk
  - Landbruk vert del av årsplanen frå 2017. Satsinga er for tida på høyring med planlagt politisk handsaming frå april 2016

Partnarskapen medverkar, men det er avgjerande at fylkeskommunen er pådrivar i arbeidet.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen legg vekt på at ein årsplan først og fremst skal synleggjere endringar og få fram at ressursinnsatsen er målretta. Det ligg eit forbetningspunkt i å synleggjere økonomisk medverknad frå partnarskapen. Fylkesrådmannen merkar seg også at det tek tid å få lansert ei satsing på fornybar energi. Etter administrasjonen si vurdering bør vi prioritere dette arbeidsfeltet først når tunge private aktørar deltek aktivt i arbeidet.

Fylkesrådmannen tilrår at årsplanen vert vedteken.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑